



Nissedal kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Ordførarkontoret, Kommunehuset
Dato: 06.12.2018
Tidspunkt: 08:30 – 12:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordfører	AP/KRF
Paul Willy Setane	Medlem	AP/KRF
Geir Christian Enger	Varaordfører	AP/KRF
Ian Parry-Jones	Medlem	SP/H
Kristine Sandall	Medlem	SP/H

Følgjande medlemmer møte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Følgjande frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Hildegunn Rønningen	næringskonsulent
Sveinung Seljås	Plansjef (sakene 142/18-144/18)
Anne Espelid	Einingsleiar kultur (sak 144/18)
Pål Øyvind Bratteklev	Avdelingsingeniør bygg (sak 144/18)

Frå saksnr.: 139/18

Til saksnr.: 144/18

Halvor Homme
ordfører

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhold	Lukka
	Saker til behandling	
PS 139/18	Næringstomt Andreas Lauvland	
PS 140/18	Sak om standard vilkår ved kjøp av næringstomt	
PS 141/18	Søknad om garanti for seglingar med MS Fram 2019	
PS 142/18	N - 10/1 m.fl - Massetak Tingstødden - vidare drift	
PS 143/18	N - 37/9 og 37/15 - Bujordet - Oppattbygging av hytte - dispensasjon	
PS 144/18	Referat- og drøftingsaker	

Saker til behandling

PS 139/18 Næringstomt Andreas Lauvland

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune gjev rådmannen fullmakt til å inngå ein kjøpsavtale med Andreas Lauvland der delar av tomt 35/121 (ca. 2100 m²) vert kjøpt tilbake for kr. 70.000,- på følgjande vilkår:

- Andreas Lauvland får sitje att med ca. 550 m² av tomta – sjå skravert område på vedlagt kart.
- Tomta vert målt opp og skilt ut i samarbeid mellom Nissedal kommune og Andreas Lauvland.
- Nissedal kommune ber alle kostnader ved overdraginga.
- Nissedal kommune har forkjøpsrett til Andreas Lauvland si utskilte tomt, ubygd eller bygd.

Kjøpet vert finansiert med lån.

Investeringsbudsjett 2018 vert endra slik:

Budsjettskjema 2 A:

Investeringar i anleggsmidler:	+ kr 70.000
Bruk av lånemidler:	- kr 70.000

Budsjettskjema 2 B:

Investeringar i anleggsmiddel:	+ kr 70.000
Kjøp/sal av aksjer, andelar tomter:	+ kr 70.000

Saksprotokoll i Formannskapet - 06.12.2018

Omforeina endringsframlegg:

Nissedal Kommune kjøper heile tomta 35/121 attende for kr. 70 000.

Votering: samrøystes for endringsframlegget

Innstilling til kommunestyret

Nissedal Kommune kjøper heile tomta 35/121 attende for kr. 70 000.

PS 140/18 Sak om standard vilkår ved kjøp av næringstomt

Rådmannen si tilråding:

Ved sal av næringstomter skal følgjande standardvilkår takast inn i vedtaket:

1. Prisen blir sett til den til ein kvar tid gjeldande betalingsatts for kommunale næringstomter.
2. Kjøpar ber kostnadane med oppmåling, tinglysing, vatn/avløp, opparbeiding osv.
3. Tomta må haldast rydding då den(grunngjeving).
4. For tomter i areal tilrettelagt for tilkopling til kommunalt v/a-nett skal kjøpar, når han har fått tinglyst skøyte, betale tilkoplingsgebyr for vatn og avløp etter dei til ei kvar tid gjeldande gebyrsattsar for næringsbygg.
5. Ved oppføring av bygg på slike tomter skal minst eitt av bygga ha tilkoplingsplikt til det kommunale v/a-nettet.

6. Dersom byggearbeidet som omtala i søknad av xx.xx.20xx, i samsvar med gitt byggeløyve, ikkje er sett i gang innan (3 år - sett inn dato), har kommunen rett til å overta tomta for same pris som den blei selt for. Kommunen ber i så fall utgifter til ny tinglysing og eventuelle dokumentavgifter. Betalte tilkoplingsgebyr blir også refundert. (Gebyrsats for tilkopling av vatn/avløp for næringsbygg i 2018 kr (7500 + 7500) + mva.)
7. Ved framtidig sal har Nissedal kommune forkjøpsrett til tomta, ubygd eller bygd.

Saksprotokoll i Formannskapet - 06.12.2018

Omforeina endringsframlegg:

Punkt 3 sløyfes.

Siste parantes i punkt 6 takast vekk.

Endring av punkt 6: Ved framtidig sal av heile eller delar av tomta har Nissedal kommune forkjøpsrett til tomta, ubygd eller bygd.

Nytt punkt: Frå gitt byggeløyve til ferdigattest skal det ikkje gå lenger enn tre år. Eventuelle investeringar gjort på tomta har kommunen ingen erstatningsplikt

Nytt punkt: Det må synleggjerast eit reelt arealbehov for sal av kommunal tomt.

Votering: Samrøystes for endringsframlegget.

Vedtak

Ved sal av næringstomter skal følgjande standardvilkår takast inn i vedtaket:

1. Prisen blir sett til den til ein kvar tid gjeldande betalingssats for kommunale næringstomter.
2. Kjøpar ber kostnadane med oppmåling, tinglysing, vatn/avløp, opparbeiding osv.
3. For tomter i areal tilrettelagt for tilkopling til kommunalt v/a-nett skal kjøpar, når han har fått tinglyst skøyte, betale tilkoplingsgebyr for vatn og avløp etter dei til ei kvar tid gjeldande gebyrsatsar for næringsbygg.
4. Ved oppføring av bygg på slike tomter skal minst eitt av bygga ha tilkoplingsplikt til det kommunale v/a-nettet.
5. Dersom byggearbeidet som omtala i søknad av xx.xx.20xx, i samsvar med gitt byggeløyve, ikkje er sett i gang innan (3 år - sett inn dato), har kommunen rett til å overta tomta for same pris som den blei selt for. Kommunen ber i så fall utgifter til ny tinglysing og eventuelle dokumentavgifter. Betalte tilkoplingsgebyr blir også refundert.
6. Ved framtidig sal av heile eller delar av tomta har Nissedal kommune forkjøpsrett til tomta, ubygd eller bygd.
7. Frå gitt byggeløyve til ferdigattest skal det ikkje gå lenger enn tre år. Eventuelle investeringar gjort på tomta har kommunen ingen erstatningsplikt for.
8. Det må synleggjerast eit reelt arealbehov for sal av kommunal tomt.

PS 141/18 Søknad om garanti for seglingar med MS Fram 2019

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune stiller ein garanti på kr. 25.000 for å kunne gjennomføre 3 seglingar til Treungen med MS Fram sommaren 2019. Det er eit vilkår at Nissedal næringslag er aktive i marknadsføringa og at faktura vert sendt Nissedal kommune i løpet av 2019.

Det vert og løyvd kr. 2.000,- i godtgjering til Harald Valle for 2-3 sentrumsvandringar.

Nissedal kommune kan dessverre ikkje sjå seg i stand til å imøtekome søknaden om kr. 12.000,- til ei ½-sides annonse i Framposten 2019 grunna lite midlar til disposisjon.

Løyvingane blir å ta frå Nissedal kommunale næringsfond, konto 14703-1410-3250.

Saksprotokoll i Formannskapet - 06.12.2018

Omforeina endringsframlegg: (...) Næringslaget oppmodast til å vere aktive i marknadsføringa...

Endringsframlegg frå SP: Nissedal kommune imøtekjem søknaden om kr. 12 000 til ei ½ sides annonse i Framposten.

Votering: Rådmannen si tilråding med omforeina endringsframlegg opp mot SP sitt endringsframlegg.

Fire røyster for rådmannen si tilråding med omforeina endringsframlegg. Ei røyst for SP sitt endringsframlegg.

Vedtak

Nissedal kommune stiller ein garanti på kr. 25.000 for å kunne gjennomføre 3 seglingar til Treungen med MS Fram sommaren 2019. Nissedal næringslag oppmodast til å vere aktive i marknadsføringa og at faktura vert sendt Nissedal kommune i løpet av 2019.

Det vert og løyvd kr. 2.000,- i godtgjering til Harald Valle for 2-3 sentrumsvandringar.

Nissedal kommune kan dessverre ikkje sjå seg i stand til å imøtekome søknaden om kr. 12.000,- til ei ½-sides annonse i Framposten 2019 grunna lite midlar til disposisjon.

Løyvingane blir å ta frå Nissedal kommunale næringsfond, konto 14703-1410-3250.

PS 142/18 N - 10/1 m.fl - Massetak Tingstødden - vidare drift

Rådmannen si tilråding:

Vilkåra sett i f-sak 078/15, strekpunkt 2 blir mellombels oppheva. Vilkåra blir vurdert på nytt når reguleringsplanen for utbetringa av RV41 på den aktuelle strekninga er godkjent.

Saksprotokoll i Formannskapet - 06.12.2018

Omforeina tilleggsframlegg:

Det forventast at lovpålagt sikringstiltak rundt massetaket blir ivaretatt.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding med tilleggsframlegget.

Vedtak

Vilkåra sett i f-sak 078/15, strekpunkt 2 blir mellombels oppheva. Vilkåra blir vurdert på nytt når reguleringsplanen for utbetringa av RV41 på den aktuelle strekninga er godkjent.

Det forventast at lovpålagt sikringstiltak rundt massetaket blir ivaretatt.

PS 143/18 N - 37/9 og 37/15 - Bujordet - Oppattbygging av hytte - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforboda i LNF og i vassdragsnær sone, for bygging av eit nytt bygg for overnatting på staden der bygget til nedfalls på g/bnr 37/15 nå står. Bygget kan førast opp med inntil 25 m² BYA og med mønehøgde inntil 4,0 meter målt frå gjennomsnittleg terreng.

Bygget får i matrikkelen byggkode 529, *annan bygning for overnatting*, og blir eige skatteobjekt for kommunal eigedomsskatt.

Saksprotokoll i Formannskapet - 06.12.2018

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforboda i LNF og i vassdragsnær sone, for bygging av eit nytt bygg for overnatting på staden der bygget til nedfalls på g/bnr 37/15 nå står. Bygget kan førast opp med inntil 25 m² BYA og med mønehøgde inntil 4,0 meter målt frå gjennomsnittleg terreng.

Bygget får i matrikkelen byggkode 529, *annan bygning for overnatting*, og blir eige skatteobjekt for kommunal eigedomsskatt.

PS 144/18 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 06.12.2018

H: Rekrutteringsplan i Helse og omsorg

Vedtak

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.